



Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
034/20	Plan- og eigedomsutval	31.08.2020
061/20	Kommunestyret	17.09.2020

Arkivsaknr.:	Arkiv	Sakshandsamar	Dato
20/94 - 20/5933	K2-L12, K3-&17	Ingunn Bårtvedt Skjerdal 95984646	18.08.2020

Fastsetting av planprogram - detaljregulering med konsekvensutgreiing for Holmen gruve og deponi

Saka gjeld:

Gudvangen Stein AS har meldt om oppstart av detaljregulering for Holmen gruve og deponi i Nærøydalen. Målet med reguleringsplanprosessen er å opne for deponering av farleg avfall i gruvene som bergverksdrifta etterlet seg. Planprogrammet for detaljreguleringsplanen har vore på høyring og vert lagt fram for fastsetting. Forslagsstiller tek merknadane til følgje og endrar framlegget til planprogram i samsvar med mottekne innspel

Tilråding frå rådmannen:

Framlegg til planprogram for Detaljregulering med konsekvensutgreiing for Holmen gruve og deponi vert fastsett i samsvar med plan- og bygningslova § 12-9.

Saksframlegg

Det overordna føremålet til planarbeidet er å legge til rette for å etablere deponi for fast avfall i fjellhaller under bakken; kombinert med framleis aktiv gruveverksemd med uttak av anortositt. Hovudverksemda vil skje under bakkenivå, med tilkomst og nokre funksjonar på bakkenivå. Reguleringformål er knytt til råstoffutvinning med tilhøyrande industri, samt deponi for avfall som mineralske massar og stabilisert flygeaske. Det skal regulerast for eit 106 daa stort areal på bakken, og 784 daa under bakken. Arealomfanget kan bli redusert undervegs i planprosessen.

Bakgrunnen for planarbeidet er at det er behov for større deponikapasitet på Vestlandet og i Noreg. Gruva i Gudvangen er av ekspertutvalet for farleg avfall peika

på som ein av fleire moglege plassar for mottak av enkelte typar fast avfall som samfunnet treng løysingar for i nær framtid.

Oppstart av plan, med planprogram for konsekvensutgreiing, blei vedteke av kommunestyret 23.04.2020. I vedtaket er det knytt krav om at ei eventuell endra bruk av kaia i Gudvangen, der lasting og lossing går føre seg, må avklarast i eigen planprosess. Utkast til planprogram var på høyring våren 2020.

Gudvangen Stein AS er grunneigar og forslagsstillar, og har inngått eit samarbeid med Norsk Gjenvinning m3 AS. Planprogrammet er utarbeidd av Opus Bergen AS, som er rådgjevande konsulent for planen.

Krav om konsekvensutgreiing,

Med bakgrunn i «Forskrift om konsekvensutredning» (i kraft frå 01.07.2017) sine §§ 6 og 8, utløyser planen krav om konsekvensutgreiingar. Tiltaket kan sjå ut til å krevje konsekvensutgreiing med planprogram etter § 6 b), då den er omfatta av vedlegg I, punkt 9, deponering av farleg avfall i jorda. Tiltaket er vurdert mot kriteria i § 8, planar og tiltak som skal konsekvensutgreiast dersom dei kan få vesentlege verknadar på miljø eller samfunn (etter § 10). Planen fell inn under kriteria i § 8, første ledd, bokstav a). Tiltaka er omfatta av vedlegg II, punkt 2b og 11k. For vedlegget sitt punkt 2b kan det argumenterast med at gruveverksemd allereie er regulert og konsesjon gitt. For punkt 11k (Deponi for masse på land og i sjø større enn 50 dekar eller 50 000 m³ masse.), slår forskrifta inn. Ved vurdering etter forskrifta § 10 er det funne at planen kan ha vesentlege verknadar på miljø eller samfunn, m.a. i kraft av si lokalisering i verdsarvområdet, tett på verneområdet Nærøyfjorden landskapsverneområde, og tett på Nærøydalselvi, som er eit nasjonalt laksevassdrag og eit verna vassdrag. Sjølv om gruvedrifta/deponiet kjem innanfor verdsarvområdet, kjem det ikkje i verneområdet. Den nye deponiaktiviteten skal vere i eksisterande fjellhallar under bakken.

Planprogrammet

Det er utarbeidd framlegg til planprogram som gjer greie for bakgrunn, rammer og føringar, eksisterande situasjon. Planprosess og medverknad, alternativ som skal utgreiast og behov for utgreiingar. Planprogrammet legg føringar for det vidare arbeidet i reguleringsplanprosessen.

Oppstart av arbeid med detaljreguleringsplan og høyring av planprogram vart kunngjort 05.05.2020 med høyringsfrist 16.06. Det kom inn i alt 16 merknader til oppstart/planprogram, 6 frå private og 10 frå offentlege. Forslagsstiller har oppsummert og kommentert kvar av fråsegnene til planprogrammet i eit merknadssamandrag. Dokumentet følgjer som vedlegg til saka.

Det har kome mange innspel til endringar i planprogrammet og ved gjennomgang av mottekne fråsegner har forslagsstiller vald å revidere planprogrammet i tråd med innspela.

Planprosess vidare

Planframlegg med konsekvensutgreiing utarbeidast på bakgrunn av fastsett planprogram. Planframlegg med konsekvensutgreiing skal så sendast til kommunen for 1. gongs handsaming. Deretter skal det på høyring til grunneigarar, naboar, aktuelle mynde og interesseorganisasjonar, og leggjast ut til offentleg ettersyn. Innkomne merknader skal vurderast, og ev. motsegn løysast. Planframlegget justerast og ev. nye utgreiingar gjerast, før framlegget kan sendast til 2. gongs

handsaming. Vedtak av planframlegget med konsekvensutgreiing er kommunestyret sitt ansvar.

I verdsarvområde er det eigne reglar knytt til krav om informasjon til UNESCO Ein må og rekna med at prosessen opp mot UNESCO kan ta tid. Om ein vel å gå vidare med planane etter at KU føreligg, må ein orientere UNESCO om funn/vurderingar, før iverksetjing. Prosessen knytt til UNESCO er i gong og statsparten Noreg ved Klima og miljødepartementet har i brev av 6.7.20 underretta verdsarvkomiteen i Paris om at planprosessen er starta og at dei vli formidle meri informasjon når konsekvensutgreiinga ligg føre.

Vurdering

Planprogrammet skildrar at følgjande tema skal gå inn i konsekvensutgreiinga:

- Verdsarv
- Stads spesifikk risikovurdering etter avfallsforskrifta
- Geologi
- Forureining til grunn, ferskvatn og sjø
- Akvatisk naturmangfald
- Terrestrisk naturmangfald
- Landskap: Landskapsvern og landskapsbilete
- Verna vassdrag
- Kulturmiljø
- Friluftsliv og reiseliv
- Økonomiske ringverknadar
- Mobilitet
- KU risoko og sårbarhet (ROS)
- Flaum/erosjonsfare
- Ras/skred
- Støy
- Utslepp til luft, inkl. støv
- HMSK (Arbeidsmiljø)

For å samanfatte konklusjonar frå alle delutgreiingar skal det utarbeidast ein samla KU rapport. Denne skal handsame alle tema, inkludert ROS og KU på verdsarv, som kvar for seg også vil vere basert på delrapportar. Verdsarv KU står i ei særstilling, då denne er tufta på særskilt UNESCO godkjent metode. KU skal sjå på både planområdet, der tiltak skal iverksetjast, og det såkalla influensområdet, der tiltaket kan få verknad, sjølv om tiltaket ikkje fysisk ligg på staden. Planområdet er det same for alle utgreiingstema, medan influensområdet varierer for ulike tema.

Det er eit premiss at ev. framtidig drift av gruve- og deponi ikkje skal gå ut over Nærøyfjorden sin verdsarvstatus. Forholdet til verdsarv er ei sentral problemstilling i utgreiingsarbeidet som skal gjennomførast.

Konklusjon:

Rådmannen tilrår at framlegg til justert planprogram for Holmen gruve og deponi vert fasett

Uprenta vedlegg til saka:

Småkraft AS, som eigar av Holmen Kraft AS (HK) v/ Martin Vangdal 28.05.2020

Nils Hylland 61/2 og 61/3 8. juni 2020

Nerøyfjorden service v/Kjetil Tufte. 06.05.20

Nils Oskar Fardal, 12.06.20

Asbjørn Ramsøy, 16.06.20
Statens vegvesen, 02.06.20
Nærøyfjorden verneområdestyre (NVS) 11.juni 2020
Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) 15.06.2020
Det kongelige klima- og miljødepartement (KLD), 25.05.2020
Miljødirektoratet (MD), 16.06.2020
Vestland Fylkeskommune (VFK), 15.06.2020
inkl. kopi av merknad frå Riksantikvaren
Fylkesmannen i Vestland, 23.06.2020
Direktoratet for Mineralforvaltning, (utsett frist) 23.06.2020
Verdsarvrådet for Vestnorsk Fjordlandskap, (utsett frist) 30.06.2020

31.08.2020 Plan- og eigedomsutval

Tilleggsforslag:

Tilleggsframlegg frå Gøran Johansen :

Plan og eigedomsutvalet ber om at administrasjonen til handsaming i kommunestyret legg fram sine vurderingar knytt til forbehandlingsanlegg for flyveakse.

Alternativ tilråding frå rådmannen:

Framlegg til planprogram for Detaljregulering med konsekvensutgreiing for Holmen gruve og deponi, revidert 24.08.20 vert fastsett i samsvar med plan og bygningslova § 12-9.

Handsaming i møte:

Etter utsending er det komt nokre presiseringar til planprogrammet. Administrasjonen la fram notat som presiserer endringane i planprogrammet og ei alternativ tilråding (Acos 2020/94-23).

Røysting:

Utvalet røysta over alternativ tilråding frå rådmann med tilleggsframlegg frå Gøran Johansen: Samrøystes

PEU-034/20 Vedtak:

Framlegg til planprogram for Detaljregulering med konsekvensutgreiing for Holmen gruve og deponi, revidert 24.08.20 vert fastsett i samsvar med plan og bygningslova § 12-9.

Plan og eigedomsutvalet ber om at administrasjonen til handsaming i kommunestyret legg fram sine vurderingar knytt til forbehandlingsanlegg for flyveakse.

Samrøystes

17.09.2020 Kommunestyret

Tilleggsforslag:

Framlegg frå Gøran Johansen:

Tilleggspunkt: Lokalisering av forbehandlingsanlegg for flyveakse bør avklares som del av planprosessen

Handsaming i møte:

Røysting:

Framlegg frå Plan og Eigedomsutvalet. Samrøystes

Tilleggspunkt frå Gøran Johansen.: 7 røyster (MDG 2, SP 5)

KS-061/20 Vedtak:

Framlegg til planprogram for Detaljregulering med konsekvensutgreiing for Holmen gruve og deponi vert fastsett i samsvar med plan- og bygningslova § 12-9.

Samrøystes

Vedlegg:

Planprogram Holmen_14.8.20

Holmen merknadssamandrag førebels_12.8.20

Merknadsmøte oppstart Holmen 9.7.2020